



# Vågsøy kommune

## **INSTRUKS FOR EIGEDOMSKATTEKONTORET**

Vedteken av Kommunestyret 18.03.2009  
K-sak 13/09.

## INSTRUKS FOR EIGEDOMSKATTEKONTORET

1. Denne instruksen er gjeven av rådmannen den 18.03.2009 med heimel i kommunestyret sitt vedtak av 18.03.2009 om innføring av eigedomsskatt i Vågsøy kommune.
2. Økonomiavdelinga er kommunen sitt eigedomsskattekontor. Økonomisjefen er leiar for eigedomsskattekontoret.
3. Eigedomsskattekontoret skal skrive ut eigedomsskatt i medhald av eigedomsskattelova med tilhøyrande forskrifter, andre lover, kommunale vedtekter for eigedomsskatt og andre kommunale vedtak.
4. Eigedomsskattekontoret skal jamleg vurdere dei kommunale vedtektene for eigedomsskatt og fremje forslag til rådmannen om eventuelle endringar.
5. Eigedomsskattekontoret skal:
  - ajourhalde oversikt over skatteobjekt
  - legge ut ajourhalden skatteliste kvart år
  - utarbeide og vedlikehalde rutinar for å få oversikt over endringar og nye skatteobjekt frå kommunen si bygningsmyndigheit
  - syte for at det blir føreteke taksering av nye skatteobjekt og endring av andre skatteobjekt per 1. januar innan 1. mars i skatteåret
  - i samarbeid med økonomiavdelinga sende ut krav på eigedomsskatt saman med andre kommunale eigedomsavgifter.
  - utføre andre oppgåver i samsvar med kommunen si eigedomsskattevedtekt
6. Eigedomsskattekontoret skal jamleg halde seg ajour med endringar i lover og forskrifter som kan ha noko å seie for eigedomsskatten.
7. Eigedomsskattekontoret skal vurdere om kommunen sine grenser for eigedomsskatt kan/bør endrast, det vil mellom anna seie om bygningar og grunn i visse deler av kommunen bør fritakast for eigedomsskatt.
8. Eigedomsskattekontoret skal vurdere om det er nødvendig med omtaksering (10-års regelen) eller gjennomføre kontormessig auke av takstane.
9. Eigedomsskattekontoret skal til budsjett/økonomiplanarbeidet gje rådmannen ei oversikt over berekna eigedomsskatt i perioden.
10. Eigedomsskattekontoret kan vurdere kommunen sin skattesats og gje tilråding til rådmannen om endring.
11. Eigedomsskattekontoret er sekretariat for sakkunnig nemnd og sakkunnig ankenemnd. Det vil seie:
  - i samråd med leiar kalle inn til møte
  - syte for at medlemane får tilbod om nødvendig opplæring for å ta i vare sitt verv
  - legge fram nødvendig grunnlagsmateriale for at nemnda skal kunne gjere vedtak
  - syte for at det blir gjennomført synfaring av nye skatteobjekt
  - føre protokoll
  - sende ut vedtak
  - syte for at nemndene sine medlemmer og synfaringsmenn får godtgjersle m.m.